

(A) = Åpen, kan bestilles fra Arkeologisk museum i Stavanger

(B) = Begrenset distribusjon

(C) = Kan ikke utleveres

Forundersøking av førreformatorisk gardsanlegg på Sørbo, gnr. 45, Sandnes kommune

Even Bjørdal

AmS saksnummer: 064/2003

web.sak nummer: 03/486

Dato: 12.10.2006

Sidetall: 23 + vedlegg

Opplag: 20

OPPDRAGSGIVER:

Sandnes Tomteselskap


STIKKORD:

Gardsanlegg

Tufter

Røyser

Gardfar



Oppdragsrapport 2006/11
Arkeologisk museum i Stavanger
Avdeling for fornminnevern

Utgiver:
Arkeologisk museum i Stavanger
Box 478
4002 STAVANGER
Tel.: 51 84 60 00
Fax: 51 84 61 99
E-post: ams@ark.museum.no


Stavanger 2006

Forundersøking av
førreformatorisk gardsanlegg
på Sørbo, gnr. 45,
Sandnes kommune

Even Bjørdal



Arkeologisk museum i
Stavanger



INNBERETNING TIL TOPOGRAFISK ARKIV



Arkeologisk museum I
Stavanger

Vår ref: - Saksbeh: Olle Hemdorff, AmS Arkivkode: Dato: 13.10.06

Kommune Sandnes
Gardsnummer 45
Bruksnavn Sørbø
Tiltakshaver Sandnes Tomteselskap KF
Postboks 583, 4305 SANDNES

SAK: Forundersøking av førreformatorisk gardsanlegg

Saksnr: 064/2003 Flyfotoreg.nr.:
Web sak nr: 03/486 Fornminnenr.:
UTM H.o.h.: 40 – 41 m

Synfart 08.09. – 24.09. 2003
Av.: Kate I J Syvertsen, for Rogaland
fylkeskommune
Feltundersøking (tidsrom): 17.07. – 28.07. 2006
Ved: Even Bjørdal og Anja Magnussen
Funn: S12262a-f
Aks.nr.: 28/2006
Foto: Digitalt : arkivnr. 65928 - 65966

Gjeld: Forundersøking av hustuffer, røyser og gardfar på Sørbø, gnr 45, Sandnes

Innholdsoversyn

1. Samandrag.....	s. 5
2. Innleiing.....	s. 6
2.1 Lokalisering.....	s. 6
2.2 Bakgrunn for undersøkinga.....	s. 6
2.3 Registrerte kulturminne i området.....	s. 6
2.3.1 I planområdet	
2.3.2 I nærområdet	
2.4 Om problemstilling og føremål med undersøkinga.....	s. 7
3. Om historia til staden og ei skildring av terrenget og objekta.....	s. 7
3.1 Historia til staden.....	s. 7
3.2 Skildring av terrenget.....	s. 7
3.3 Skildring av objekta før undersøkinga.....	s. 9
4. Tidsrom og deltakarar.....	s. 9
4.1. Tidsrom.....	s. 9
4.2. Gjennomføring, vértilhøve og tidsbruk.....	s. 9
4.3. Deltakarar.....	s. 10
5. Metode.....	s. 10
5.1 Graveteknisk metode.....	s. 10
5.2 Dokumentasjon.....	s. 11
5.2.1 Teikning	
5.2.2 Fotografering	
5.2.3 Innsamling av prøver	
5.2.4 Funn	
5.2.5 Innmåling	
5.3 Om utføringa av forundersøkinga.....	s. 13
6. Om stratigrafi og kjeldekritiske aspekt.....	s. 16
6.1 Stratigrafiske tilhøve og funnfordeling.....	s. 16
6.2 Andre aspekt.....	s. 18

7. Funnmateriale.....	s. 18
7.1 Funnmengde, funnkategoriar og materialtypar.....	s. 18
8. Skildring av anlegg / strukturar.....	s. 19
8.1 Innleiing.....	s. 19
8.2 Gardfaret.....	s. 19
8.3 Tuft I.....	s. 19
8.4 Tuft II.....	s. 20
8.5 Tuft III.....	s. 20
8.6 Tuft IV.....	s. 20
8.7 Røys I.....	s. 20
8.8 Røys II.....	s. 20
8.9 Røys III.....	s. 21
8.10 Røys IV og V.....	s. 21
8.11 Samanfætning.....	s. 21
9. Naturvitskapleg materiale.....	s. 21
10. Tolking av lokaliteten i lys av strukturar og funn.....	s. 21
11. Formidling og publikumskontakt.....	s. 22
12. Litteratur.....	s. 22
13. Vedlegg.....	s. 23
1. Fotoliste	
2. Liste over anlegg / strukturar	
3. Funnliste	
4. Katalog	
5. Liste over vitskaplege prøver	
6. Oversynskart over nærområdet – undersøkingsområdet er skravert	
7. Avisutklipp – artikkel i Stavanger Aftenblad fredag 28. juli 2006	

Figurar:

- Figur 1 Foto teke mot SØ som viser det undersøkte området. I bakgrunnen Stokkelandsvatnet og E 39.....s. 5
- Figur 2 Kart som viser undersøkingsområdet med dei GPS – innmåla anlegga. Utforma av Elin D. Idland ved Ingeniørservice A/S. Nemningar på anlegga og plasseringa av røys IV og V er påført av arkeolog Even Bjørdal.....s. 8
- Figur 3 Luftfoto (teke av Espen Torp, Birdy Photographs) som viser undersøkingsområdet sett mot NV. Oppe til høgre på biletet skimtar ein plantefeltet med gran nemnt i 3.1.....s. 10
- Figur 4 Luftfoto (teke av Espen Torp, Birdy Photographs) som viser den austlege delen av undersøkingsområdet med gardfar, tuft I og IV og røys II og III.....s. 12
- Figur 5 Foto teke mot NØ som viser feltassistent Anja Magnussen ved søkesjakt A og B i tuft I. Ein ser tydleg delar av steinsamlinga (jf. 8.3) inne i tufta.....s. 13
- Figur 6 Luftfoto (teke av Espen Torp, Birdy Photographs) som viser røys I med søkesjakt. Sjakta går i retning SV-NØ, den sørvestre enden er til vesntre på biletet.....s. 14
- Figur 7 Luftfoto (teke av Espen Torp, Birdy Photographs) som viser den vestlege delen av undersøkingsområdet med gardfar, tuft II og III og røys I.....s. 15

1. Samandrag

Den arkeologiske forundersøkinga på Sørbø, gnr. 45, Sandnes kommune, påviste eit velbevart og særprega førreformatorisk gardsanlegg. Etter ei synfaring i terrenget, vart det grave fire søkesjakter og eitt prøvestikk i tilknytning til nokre av dei observerte strukturane. Undersøkinga viser at det innan eit avgrensa område finst spor etter minst to hustufter, fire rundrøyser, ei mogleg langrøys og uvanleg store gardfar / steingjerder. Gardsanlegget har truleg vore i bruk i løpet av ein eller fleire av desse tidsperiodane: jernalder (500 f.Kr. – 800 e.Kr.), vikingtid (800-1050), tidleg mellomalder / høgmellomalder (1050-1150 / 1150-1350).



Figur 1: Foto teke mot SØ som viser det undersøkte området. I bakgrunnen Stokkelandsvatnet og E 39. Røys I ligg rett innanfor gardfaret, omtrent midt i biletet.

2. Innleiing

2.1 Lokalisering

Forundersøkinga fann stad i ein del av Sørbø, gnr. 45, Sandnes kommune. Det aktuelle området omfattar ei steinete, relativt jamn flate på eit sjølvdrenerert høgdedrag som gradvis går over i ei skråning i retning mot Stokkelandsvatnet i sør-søraust. I austleg retning ligg motorveg E 39 (jf. fig.1).

2.2 Bakgrunn for undersøkinga

I følgje ein reguleringsplan for Sørbø og Hove i Sandnes kommune, er det planlagt å føre opp nye bustadar i området. Tiltakshavar for dette byggjeprojektet er Sandnes Tomteselskap. Rogaland fylkeskommune har i tilknytning til dette gjennomført kulturhistorisk synfaring/registrering (jf. Syvertsen: rapport 2003): 20. juni 2003 utførte arkeolog Brynjar Sandvoll ei synfaring i området og kom fram til at det var sannsynleg at det fanst kulturminne under overflata. I september det same året fann så den meir omfattande kulturhistoriske synfaringa / registreringa stad. Denne registreringa viste mellom anna at det i eit avgrensa område (jf. 2.1) truleg fanst fleire godt bevarte spor etter førhistoriske aktivitetar.

2.3 Registrerte kulturminne i området

2.3.1 Innan planområdet

Synfaringa / registreringa i 2003 viste at særleg høgdedraga på austsida av Hovevegen inneheldt restar av førhistorisk busetnad: av dei totalt 21 sjaktene som vart grave under registreringa, blei om lag 70 % av dei 133 anleggsspora avdekka i sjakt nr. 12 i område 3. Grunna faglege prioriteringar og avgrensa med tid, blei ikkje denne sjakta fullstendig framreinsa. Truleg finst det såleis her fleire funn som ikkje vart avdekka i 2003. Område 4 (i samband med eit høgdedrag nær Lundehaugen v.g.s. lenger sør) bør også nemnast, her blei det avdekka 25 anleggsspor. Desse spora var så spreidde – dei fanst i ulike delar av sjakta - at ein meiner at det har funnest meir enn ein bygning her. Dei andre av dei 21 sjaktene inneheldt til samanlikning berre eit mindre antal spor og restar etter førhistorisk aktivitet. Av dei 133 registrerte anleggsspora, har ein tolka 78 til å vere stolpehol og 42 som kokegroper eller eldstadar. I sjakt 15 i område 4 fann ein noko som kan ha vore ei grøft for ein vegg. Funnkonsentrasjonen i område 3 bør sjåast i samanheng med tidlegare undersøkingar og funn: både åkerreina (jf. 2.3.2) og gravhaugane nemnt nedanfor, var lokalisert i nærleiken.

Under den kulturhistoriske registreringa i 2003, påviste ein også nokre synlege kulturminne. Desse låg i eit steinete beiteområde på Sørbø. Det vart registrert to tufter, ein voll som moglegvis tilhøyrde ei tuft, to parallelle steinrekkjer og noko som likna ei sirkulær ”innhegning” av stein (jf. Syvertsen 2003, upaginert). Om ein ser bort i frå ”innhegninga”, låg alle desse objekta i eitt, avgrensa område. Det er her forundersøkinga i juli 2006 fann stad (jf. 2.1 og 3.2).

I løpet av 1800-talet vart fem store gravrøyser fjerna ved Sørbø-Hove, dei låg langs den ryggen som vert danna av høgdedraga aust om Hovevegen (jf. Syvertsen 2003). Røysene inneheldt gravgåver, her kan

nemast gjenstandar av gull (fingerring, armring og handleddsringar), spydspissar, ei øks, eit bissel, ein vestlandskjele, og ei keramikurne. Funna er datert til eldre og yngre jernalder.

2.3.2 I nærområdet

I 1998 vart det utført arkeologiske undersøkingar i nærleiken av Hovevegen (jf. Aakvik 1998). Dette var like nordvest for lokaliseringa av sjakt 12 frå 2003, på den andre sida av vegen. I 1998 dokumenterte ein her mellom anna ei førhistorisk åkerrein. Daterbart materiale frå dette tydelege sporet etter dyrking viser at menneske fekk grøde av jorda her allereie så tidleg som i yngre steinalder / eldre bronsealder.

2.4 Om problemstilling og føremål med undersøkinga

Ved synfaringa i 2003 oppdaga ein fleire moglege kulturminne i det steinete beiteområdet omtala ovanfor. Desse var så synlege på markoverflata at dei blei påvist utan inngrep som prøvestikking eller sjakting. Medan ein i tilgrensande areal i nyare tid har påverka landskapet ved pløying og dyrking, har det aktuelle området unngått slike inngrep.

Målsetnaden med forundersøkinga var å få avklart om dei registrerte anlegga var førreformatoriske og såleis automatisk freda etter Kulturminnelova.

3 Om historia til staden og ei skildring av terrenget og objekta

3.1 Historia til staden

Stadnamnet Hove indikerer at området kan ha spela ei viktig rolle i førhistorisk tid. Fleire høgdedrag pregar terrenget her. Erfaringsmessig kan stadar med slike topografiske tilhøve innehalde spor etter busetnad frå tidlegare tider. Det er då også gjort fleire funn i området (jf. 2.3.). Under den andre verdskrigen bygde tyske styrkar fleire militære installasjonar (m.a. bunkersar og skyttergraver) i og ved eit område der ein i dag kan sjå eit plantefelt for grantre (jf. fig.3)

3.2 Skildring av terrenget

Frå det opne høgdedraget prega av større steinar og grastuer, er det godt utsyn både mot sør, vest og aust (jf. fig.1, 3, 4, 7). I skråninga i retning Stokkelandsvatnet er det meir attvakse med lauvskog og kratt. Det aktuelle arealet er i dag nytta som beiteland, medan ein stor del av dei tilgrensande områda er dyrka mark. Eit nyare tids steingjerde markerer grensa mot dyrka mark og bygningar i vest-sørvest. I nord ligg eit plantefelt med grantre, medan motorvegen mellom Stavanger og Sandnes kan skimast i aust.

(FOR FIGUR 2, KART)

3.3 Skildring av objekta før undersøkinga

Forundersøkinga tok til ved at ein 17.07.06 til fots undersøkte området og fann fram til dei objekta som var registrerte under synfaringa i 2003. Med på denne innleiande delen var prosjektleiar Olle Hemdorff, feltleiar Even Bjørdal og feltassistent Anja Magnussen. Dei følgjande vurderingane vart gjort:

- Rapporten frå 2003 (Syvertsen 2003) nemner to sikre tufter, ei etterreformatorisk (kvadratisk i forma) og ei førhistorisk (rektangulær i forma). Dei vart påvist på nytt ved forundersøkinga, og tolka på same vis som i 2003. Dei vert i det følgjande kalla høvesvis "Tuft IV" og "Tuft I".
- Rapporten frå 2003 skildrar ein langstrakt konstruksjon av stein: "Ei rekke med større og middels store steinar er lagt opp i to parallelle rekker like vest for den rektangulære tufta. I midten ligg det og ein del større stein, og det er uvisst kva dette er". Etter å ha vurdert tilhøva i området, tolkar Hemdorff dette til å vere eit *gardfar*; ei oppmura grense mellom innmark og utmark ved ein busetnad.
- Rapporten frå 2003 peikar på ein voll som moglegvis kan vere rest av ei stor tuft. Denne vart ved starten av forundersøkinga vurdert til heller å vere ei røys eller del av eit *gardfar*, og vert i det følgjande kalla "Røys II".
- I tillegg til objekta nemnde i rapporten frå synfaringa i 2003, påviste ein 17.07.06 tre moglege røyser ("Røys I, III og IV"). Av desse er "Røys I" undersøkt nærmare ved sjakting.

27.07.06 kom prosjektleiar Olle Hemdorff saman med Arne Johan Nærøy og Grete Lillehammer frå AmS for å få innsyn i arbeidet med forundersøkinga. Det vart i samband med dette utført ei meir omfattande og grundig synfaring i området, og ein påviste spor etter ytterlegare to tufter ("Tuft II og III"). Etter at sjølve forundersøkinga var over, påviste prosjektleiar Hemdorff ytterlegare ei rundrøys i området, denne vert kalla "Røys V" i rapporten.

Dei ulike objekta si lokalisering framgår av kartet vist i fig. 2. Nærmare opplysningar om orientering, storleik m.m finn ein i kapittel 8.

4 Tidsrom og deltakarar

4.1 Tidsrom

Forundersøkinga fann stad i perioden 17.07.06 – 28.07.06. Rapporten vart utforma i tidsrommet 15.09.06 – 12.10.06 av feltleiar Even Bjørdal.

4.2 Gjennomføring, vértilhøve og tidsbruk

Den arkeologiske undersøkinga føregjekk utan nemnverdige problem eller forseinkingar. Véret var pent og sommarleg gjennom dei to vekene i juli. Det totale fråværet av regndrøpar medførte noko uttørking av sjakter og personell, men dette vart greitt løyst ved å tilføre ekstra vatn når det var naudsynt. Feltleiar og

feltassistent jobba saman i heile perioden av forundersøkinga, med unntak av den siste dagen (28.07.06), då feltleiaren utførte den avsluttande fotograferinga av feltet på eiga hand.

4.3 Deltakarar

Prosjektleiar for undersøkinga var Olle Hemdorff ved Arkeologisk museum i Stavanger (AmS), feltleiar var arkeolog Even Bjørdal, medan feltassistent var hovudfagsstudent i arkeologi Anja Magnussen. I tillegg deltok undervegs Arne Johan Nærøy og Grete Lillehammer frå AmS ved synfaring og avisintervju (jf. 3.3 og 11). Elin D. Idland frå Ingeniørservice A/S, Stavanger, utførte GPS – innmåling av dei undersøkte og påviste objekta og har levert kartmateriale til denne rapporten. Espen Torp frå Birdy Photographs vart engasjert til å ta luftfoto av området med sitt fjernstyrte helikopter med påmontert kamera. Desse bileta gjev eit godt oversyn over dei ulike objekta og deira innbyrdes plassering (jf. fig. 3, 4 og 7).



Figur 3: Luftfoto (teke av Espen Torp, Birdy Photographs) som viser undersøkningsområdet sett mot NV. Oppe til høgre på bildet skimtar ein plantefeltet med gran nemnt i 3.1.

5. Metode

5.1 Gravteknisk metode

Ved forundersøkinga vart det grave fire sjakter og eitt prøvestikk. Det blei brukt spade og graveskei under dette arbeidet. Gravinga føregjekk stratigrafisk, dvs. at ein fjerna kvart lag for seg, frå det yngste til det eldste. Undersøkinga vart i stor grad ei avdekking / framreinsing. Med dette er det meint at ein i samband med sjaktene fjerna torv og masse over og mellom steinsamlingar. Sjølve steinane vart ikkje fjerna, dei vert

liggande, anten for framtida som urørte delar av objekta eller til meir omfattande undersøkingar og dokumentasjon ved eit seinare høve. Dette gjeld steinar i veggvollar og steinsamling i tuft I og i røys I og II. I dei delane av sjaktene der ein ikkje traff på stein, vart det grave ned til det som vart oppfatta som steril undergrunn.

5.2 Dokumentasjon

5.2.1 Teikning

Då dette var ei avgrensa forundersøking (jf. 5.1), vart det ikkje utarbeidd plan- eller profildeikningar. Om det skulle verte aktuelt, kan dei tildekte sjaktene opnast på nytt og ytterlegare utgravast og dokumenterast seinare. Under forundersøkinga vart det berre teikna ein del enkle arbeidsskisser, samt ei teikning av ein profilvegg i prøvesticket inne i tuft II. Desse er ikkje lagt ved i denne rapporten.

5.2.2 Fotografering

Det meste av dokumenteringa i samband med denne forundersøkinga blei gjort i form av fotografi. Det vart hovudsakleg nytta eit digitalt speglreflekskamera av typen Nikon D50, i tillegg var eit digitalt kompaktkamera av typen Canon Digital IXUS 750 i bruk i tilfelle det skulle oppstå problem med speglreflekskameraet. Bileta er tekne av feltleiar Even Bjørdal. Luftfotografia utført Espen Torp er for øvrig også teke med eit Nikon D50 – kamera.

Det vart teke ei mengde bilete undervegs i undersøkinga. Somme av bileta var tenkt nytta i rapportar som denne og i samband med publiseringar av ulike slag. Andre fotografi er teke utifrå reint faglege omsyn, med meir standardiserte vinklar mot motivet og med gjenstand som viser målestokk (stikkstong, tomme-stokk). Mange av bileta var reine ”arbeidsfoto”, dvs. bilete som viser ulike moment i utgravingsprosessen. Dei fleste av desse har gjort nytta si når rapporten er ferdigskriven, og dei er difor ikkje inkludert i det arkiverte materialet. Lista over arkiverte fotografi omfattar 39 bilete, det er ei utvalt samling av bakke- og luftfotografi som illustrerer området, objekta og den arkeologiske undersøkinga.

5.2.3 Innsamling av prøver

Det vart teke ei jordprøve frå sjakt B inne i tuft I. Denne prøva kjem frå eit lyst og kompakt leirhaldig sandlag med enkelte mørkare flekkar av jord, lag 4 (jf. 8.2). Utgravinga av sjakta vart stoppa etter framrensing av overflata til dette laget. Lag 4 kan vere undergrunn på staden. Jordprøva vart teken ut frå den avreinsa overflata. Aktivitetar inne i tufta kan ha pressa materiale ned i den øvste delen av lag 4.

5.2.4 Funn

Dei fire sjaktene inneheldt få funn, og prøvesticket var funntomt. I alt er det registrert 9 funn (jf. nedanfor og 7.1). I tillegg vart det observert ein del bitar av gjenstandar frå etterreformatorisk / nyare tid, som glasskår og keramikkfragment. Desse blei påtruffe anten i torvlaget eller øvst i jordlaget under torva. Dei er ikkje teke vare på eller dokumentert nærmare.

Oversyn over dei innsamla funna:

- S12262 a): Fragment av bryne med ovalt tverrsnitt. Lengde: 60mm. (Fnr.1)
- S12262 b): Kjerne av flint. St.m.: 30mm. (Fnr. 2)
- S12262 c): Flint med retusj, mogleg eldflint. St.m.: 27mm. (Fnr. 3)
- S12262 d): Mikroflekke av flint. Lengde: 26mm. (Fnr. 4)
- S12262 e): To avslag og to bitar av flint. (Fnr. 5-6)
- S12262 f): Eit skår av leirkar. St.m.: 19mm. (Fnr. 7)

Funna har kome fram ved undersøkinga av søkesjakter i tuft I (S12262 a-b, e) og søkesjakt i mogleg langrøys, røys II (S12262 c-d, f).

I sjakt B i tuft I vart det funne ein såkalla malestein som truleg har vore i bruk i samband med knusing av til dømes korn til mjøl. Han har spor på overflata som høver med slitasje frå slik aktivitet. Denne steinen vart liggjande i sjakta slik som han var funnen.



Figur 4: Luftfoto (teke av Espen Torp, Birdy Photographs) som viser den austlege delen av undersøkingsområdet med gardfar, tuft I og IV og røys II og III.

5.2.5 Innmåling

Sidan det ikkje skulle lagast planteikningar, vart det ikkje oppretta noko lokalt måle- og koordinatsystem. Derimot vart det utført ei GPS – innmåling av objekta og sjaktene. Denne innmålinga blei gjort av Elin D. Idland frå firmaet Ingeniørservice A/S. Målepunkta er så lagt inn på eit kart over området

(jf. fig.2). Figuren viser at dei fleste objekta er lokalisert på eit relativt flatt høgeddrag rundt 40 meter over havet og at skråninga ned mot Stokkelandsvatnet vert brattare sør om tuft II og tuft IV.

5.3 Om utføringa av forundersøkinga

Undersøkinga starta opp måndag 17.07. 2006. Først gjekk ein gjennom det aktuelle området til fots og fann fram til dei objekta som er omtala i rapporten frå den kulturhistoriske registreringa utført i regi av Kulturseksjonen ved Rogaland fylkeskommune i 2003 (jf. 3.3). Det blei i samband med dette påvist ytterlegare tre moglege kulturminne; Røys I, III og IV. Rekkja med steinar som er synleg frå tuft I og vestover (ikkje sikkert definert i rapporten frå 2003) blei tolka som eit gardfar av prosjektleiar Hemdorff.

Ein la så ut to sjakter (sjakt A og B) i samband med **tuft I**. Sjakt A vart undersøkt først. Ho var om lag fem meter lang og mellom 50 og 80 cm brei. Ho strekte seg frå vest mot aust, på tvers av lengderetninga til tufta (jf. fig. 2 og 5). Slik blei det mogleg å finne ut meir om både den austre veggvollen og arealet inne i tufta. Mot aust i sjakt A var det mange steinar. Ein del av dei var delvis synlege på overflata, andre låg rett under det tynne grastorvlaget. Det var eit relativt klart skilje mellom steinar som tilhørde sjølve den austre veggvollen og steinar som låg i ei samling rett innanfor veggen (jf. fig.5). Mot vest i sjakt A tok innslaget av steinar slutt, noko som gjev ei grei avgrensing av steinsamlinga i denne retninga. Deretter flytta ein arbeidet til sjakt B. Denne var ca tre meter lang og ein meter brei, og låg i lengderetninga til tuft I. Sjakta var lagt slik at ho gav informasjon om både den vestre veggvollen og ein del av det indre arealet av tufta (jf. fig.2 og 5). Denne sjakta viste klart forholdet mellom veggen og innsida av tufta, og nokre steinar aust i sjakta indikerer truleg ei avgrensing av den steinsamlinga som er nemnt ovanfor i samband med sjakt A. Lengst sør i sjakt B fann ein den ovanfor omtala malesteinen (jf. 5.2.4). Arbeidet knytt til tuft I varte frå 17.07. til 21.07. 2006.



Figur 5: Foto teke mot NØ som viser feltassistent Anja Magnussen ved søkesjakt A (til høgre) og B (til venstre) i tuft I. Ein ser tydeleg delar av steinsamlinga (jf. 8.3) inne i tufta.

Fredag 21.07.06 begynte ein å opne ei ny sjakt, no i den moglege røysa **"Røys I"** (jf. fig.2 og 6). Frå det trulege midtpunktet av røysa, vart det lagt ei ein meter brei og fem meter lang sjakt vestover. Avtorvinga indikerte relativt klart radiusen til røysa, det ser ut til at ho har eit tverrmål på mellom sju og åtte meter. Det avdekkja arealet av røysa viste ei samling av mellomstore, tettstilte steinar rett under eit tynt grastorvlag. Det var ei klar helling frå det høgste punktet ved starten av sjakta i aust til steinane tok slutt ca 3,5 meter lenger vest. Det er ikkje tvil om at steinsamlinga er ei menneskeskapt røys. Ein arbeidde med sjakta i røys I over to dagar, fredag 21.07.06 og måndag 24.07.06.



Figur 6: Luftfoto (teke av Espen Torp, Birdy Photographs) som viser røys I med søkesjakt. Sjakta går i retning SV-NØ, den sørvestre enden er til venstre på biletet.

Frå røys I forflytta ein seg vidare til den moglege røysa **"Røys II"** (jf. fig.2 og 4). Det har vist seg krevjande å kome fram til ei klar avgjerd på kva dette lange, rektangulære objektet lokalisert mellom tuft I og røys III er for noko (jf. 3.3). Det vart først grave ei sjakt på 3 x 2 meter. Kortsidene strekte seg ut i frå midten av ryggen på objektet i retning NØ - SV, medan langsidede gjekk parallelt med objektet i retning SØ - NV. Plasseringa av sjakta slik gjorde det mogleg å finne ut meir om innhaldet i og avgrensinga av den moglege røysa. Avtorvinga og gravinga i sjakta avdekkja at det like under det tynne torvlaget fanst ei samling med større, tettstilte steinar. Det var ein klar høgdeforskjell og helling frå steinane i sjakta lengst aust og den undergrunnen som kom til syne lengst vest. Utstrekninga til røysar verka klar i den sørlege delen av sjakta, steinane tok slutt når hellinga avtok. Men i den nordre delen av sjakta var det ikkje eit slikt tydeleg skilje, samlinga av steinar synest å halde fram også i det flatare terrenget vidare vestover. For å få betre oversyn, vart delar av sjakta forlenga mot V-SV. Sjakta fekk såleis ei noko særige form, der ho på det lengste (i nord) var i overkant av tre meter i V-SV - retning, medan ho i sør var om lag 2,5 meter i V-SV -

retning. Forlenginga greidde ikkje å påvise noko avgrensing av steinsamlinga nord i sjakta, ein støyte stadig på fleire steinar vidare vestover. Arbeidet med sjakta i røys II varte i tre dagar, frå måndag 24.07.06 til og med onsdag 26.07.06.



Figur 7: Luftfoto (teke av Espen Torp, Birdy Photographs) som viser den vestlege delen av undersøkingsområdet med gardfar, tuft II og tuft III. Tuft II ligg i underkant av midten av biletet, medan tuft III ligg like til venstre om det store treet. Jf. figur 2.

Dei to siste dagane av forundersøkinga vart nytta til fotodokumentasjon av området, GPS- innmåling og ytterlegare synfaring (jf. 3.3), og graving av eit prøvestikk i tuft II. **Tuft II** ligg sørvest på høgdedraget: det som truleg er veggvollar i ein rektangulær bygningskonstruksjon på ca 9,5 x 7 meter, er synleg på overflata (jf. fig.2 og 7). Inne i denne tufta vart det i løpet av 27.07.06 grave eit prøvestikk på 50 x 50 cm ned til ca 40 cm djupne. Føremålet var å framskaffe informasjon om lagfølge i tufta og om bygningen her eventuelt hadde blitt øydelagt av brann. Prøvestikket var utan funn av gjenstandar. Det var enkelte, spreidde innslag av kolbitar i den utgravne massen.

Feltarbeidet knytt til forundersøkinga vart avslutta fredag 28.07.06.

6. Om stratigrafi og kjeldekritiske aspekt

6.1 Stratigrafiske tilhøve og funnfordeling

Tuft I:

- Sjakt A : Øvst var det eit grastorvlag (*lag 1*). Dette varierte i tjukkeleik mellom 1 - 10 cm. Nedst i dette laget var eit tynt sjikt med noko sand. Under dette kom *lag 2*, eit jord/humuslag av varierende tjukkeleik (5-10cm) som var meir kompakt enn massa over. Laget var lysare på farge inne i tufta enn i veggvollen. I veggvollen fanst *lag 2* mellom dei tettliggjande steinane. Sidan steinane ikkje vart fjerna, er det uklart om dei kvilte i *lag 2* eller i eit anna lag under. Inne i tufta er det klart at dei fleste steinane i steinsamlinga låg i *lag 2*, dei gjekk ikkje ned i underliggjande lag. Under *lag 2* kom eit *lag/overgangssjikt 3*, dette var tynt (ca 3-5cm) og gjekk over i *lag 4* som er rekna å vere undergrunn på staden. *Lag 3* var brunt-gulbrunt på farge, var meir kompakt enn *lag 2* og var ei blanding av jord og leirhaldig sand. *Lag 4* var lyst på farge og omfatta ei blanding av sand og leire.

Funnfordeling:

- 1 brynefragment (S12262 a) frå *lag 2*; funne i samband med veggvollen
- 3 flintfragment (S12262 e) frå *lag 3*; funne inne i tufta, ved sjaktenden mot vest
- Sjakt B : Øvst eit grastorvlag (*lag 1*), mellom 1-10 cm tjukt. I den nedste delen av dette, blant rottrådar og laus jord og sand, låg det ein del steinar som verka å vere sprukne/kløyvde. Dei hadde likevel ikkje klare teikn på å vere skjærbrende. Under *lag 1* kom *lag 2*, ei relativt kompakt humushaldig masse. Ho var mørk brun på farge og 5-10 cm tjukk. Laget var tjukkast i nord, for her skar sjakta seg noko inn i den nordlege veggvollen. Ein del mellomstore steinar vart avdekkja i sjakta: desse tilhørde høvesvis veggvollen i vest og steinsamlinga inne i tufta mot aust (jf. ovanfor). Samtlege låg i *lag 2*, også den omtala kornknusingssteinen fanst her. Under *lag 2* kom *lag 3* som var eit overgangssjikt mot *lag 4*. *Lag 3* var 3 – 5 cm tjukt og inneheldt ei masse som var ei blanding av 2 og 4. Mot sørenden av sjakta, i området ved kornknusingssteinen, fanst det eit antal mindre steinar som stod tett saman. Desse kvilte i *lag 3*

og lag 4. *Lag 4* var ei lys, leirhaldig sandmasse, etter alt å døme den same som lag 4 i sjakt A. Denne er vurdert til å vere undergrunn på staden, og utgravinga stoppa etter framreinsinga av overflata på lag 4. Ei jordprøve vart teke ut av dette laget.

Funnfordeling:

- 1 flintfragment (S12262 b, kjerne) frå lag 1; nedst i torvmassa, sør i sjakta
- 1 flintfragment (S12262 e) frå lag 1; nedst i torvmassa, frå den sørlegaste meteren av sjakta

Tuft II:

- Prøvestykket (50x50 cm i areal, 40 cm djupne, her skildra frå overflata og nedover):

0-10 cm:	1) Grastorv
11-18 cm:	2) Brun humus, med rottrådar
19-24 cm:	3) Kompakt lag, blanding av humus og leirhaldig sand
25-36 cm:	4) Kompakt lag, lyst/gult på farge, leirhaldig sand. Få og spreidde innslag av kolbitar.
37-40 cm:	5) Gul sand, same farge som 4), men inneheldt kompakt, fin lys sand.

Prøvestykket var utan funn av gjenstandar.

Røys I:

- I sjakta var situasjonen slik: Frå den austlege sjaktenden og vestover var rett under eit tynt torvlag (*lag 1*) tettpakka med steinar. Sidan denne steinsamlinga hella mot vest, vart torvlaget gradvis tjukkare etterkvart som ein avdekka tilhøva i sjakta i den retninga. *Lag 1* varierte i tjukkeleik mellom ca 1-10 cm. *Lag 2* (6-7 cm tjukt) var ei mørk brunblanding av humus og sand under lag 1. I dette laget var det innslag av kolbitar. *Lag 3* fanst under lag 2 i det området av sjakta der steinsamlinga til røysa låg. Framreinsinga av røysa stoppa ved dette laget, det verka som at steinane kvilte i lag 3. *Lag 3* inneheldt ei blanding av humus, leire og sot/kol, mørk på farge, men noko gråare enn lag 2. Den vestlegaste delen av sjakta (dei siste 150 cm) viste eit område som låg utanfor arealet til røysa. Her var ikkje lag 3, lag 2 låg rett på lag 4. *Lag 4* var ei gulbrun, spetta blandingsmasse av sand, leire og humus og nokre mindre steinar. Dette er truleg undergrunn.

Sjakta i røys I inneheldt ikkje førreformatoriske gjenstandsfunn.

Røys II:

- Sjakta: Øvst fanst lag 1, grastorv av varierende tjukkeleik (ca 1-10 cm). Enkelte større steinar stakk opp av lag 1 og var synlege på overflata. Under torva følgde ei brun, humushaldig masse,

lag 2 (5-10 cm tjukt). Det var ikkje nokon klar overgang mellom lag 1 og lag 2, og lag 2 inneheldt mange rottrådar frå torva over. Avtorvinga viste at sjakta inneheldt eit stort antal mellomstore og store steinar, desse låg i ei røysliknande samling i lag 2. Delar av lag 2 vart fjerna for å avdekke steinane. Sjølve steinane vart ikkje røyrt. I det nordaustlege hjørnet av sjakta, oppe på ryggen av den moglege røysa, var der ei lomme med lysare masse under torva. Denne massa – lag 3 - verka å vere ei gulbrun blanding av lys sand og humus. Ho låg under lag 1 og over steinar i røysa og lag 2. Mot vest og sørvest i sjakta tok steinsamlinga slutt, og her kom ein ned på ei relativt kompakt og gulbrun masse, lag 4. Denne var lysare på farge enn lag 2, og inneheldt ei blanding av sand, grus og jord. Den framreinsa overflata av dette laget låg gjennomsnitteleg om lag 15 cm under markoverflata.

Funnfordeling:

- 1 flintfragment (S12262 c, mogleg eldfint); frå lag 3, lengst NØ i sjakta.
- 1 flintfragment (S12262 d); frå overgangen mellom lag 2 og lag 4, i den søraustlege delen av sjakta, vest for steinsamlinga.
- 1 skår av leirkar (S12262 f); frå lag 3, lengst NØ i sjakta.

6.2 Andre aspekt

Objekta for forundersøkinga synest ikkje å vere råka i nemnande grad av yngre påverknad. Det som blei gjort av funn frå etterreformatorisk tid, var lokalisert i samband med torvlaget. Det vart ikkje påvist nyare nedgravingar av noko slag, og arealet har ikkje vore utsett for pløying og dyrking.

Sjaktene og prøvestykket blei grave ut lag for lag, frå det yngste til det eldste. Det vart hovudsakleg nytta graveskei i dette arbeidet, og det er lite sannsynleg at ein har gått glipp av / grave bort fragment av gjenstandar. Såleis avspeglar truleg den dokumenterte funnfattigdomen i sjaktene dei reelle tilhøva på staden.

7. Funnmateriale

7.1 Funnmengde, funnkategoriar og materialtypar

Det vart gjort få funn i sjaktene (jf. 5.2.4 og 6.1), i alt 9 stk. Det handlar om ein del av eit bryne av stein (knekt av i begge endar), sju flintfragment og eitt skår av leirkar.

8. Skildring av anlegg / strukturar

8.1 Innleiing

I alt vart 9 anlegg påvist under forundersøkinga: eit omfattande gardfar, fire trulege hustufter (tuft I, II, III og IV) og fire trulege røysar (røys I, II, III og IV). Det vart grave sjakter / prøvestikk i fire av dei (tuft I og II, røys I og II). I ettertid er det påvist nok ei røys, røys V. Alle anlegga, bortsett frå røys IV og V, er måla inn ved hjelp av GPS-utstyr (jf. fig.2). Nedanfor følgjer ei nærmare utgreiing om dei enkelte anlegga. Plasseringa av og innhaldet i sjakter og prøvestikk er omtala tidlegare i rapporten (jf. 5.3 og 6.1).

8.2 Gardfaret

Dette anlegget er bevart i over 150 meters lengde, og strekkjer seg frå det nyare steingjerdet i vest til tuft I i aust. Moglegvis held gardfaret også fram mellom tuft I og røys II (jf. 8.3 og 8.8). Det er eit skilje mellom inn- og utmark, og kan ha vore i bruk samstundes med dei andre anlegga i undersøkingssområdet. Det kan sjå ut til at tuft I er bygd saman med / inntil gardfaret. Gardfaret synest uvanleg breitt og kraftig, somme stader er det opp til fem meter i breidda.

8.3 Tuft I

Dette er ei godt bevart tuft. Ho er lokalisert ved gardfaret i den austlege delen av undersøkingssområdet. Tufta er rektangulær i forma, lengderetninga ligg i retning SØ-NV. Om ein måler frå utsida av veggvollane, er ho 6,5 - 7 meter brei og i underkant av 14 meter lang. Mot gardfaret i NV kan det vere eit tilbygg til tufta (jf. fig.2 og 4); her vil i så fall heile bygningskonstruksjonen ha hatt ei breidde på rundt 12 meter. Sjølv veggvollane verkar å ha ei breidde på 2-2,5 meter. Ein har truleg utnytta nokre store, jordfaste steinar som fanst på staden ved konstruksjonen av tuft I. Den største av dei, som ligg i NV-hjørnet, veg mange hundre kilo.

Dei to sjaktene som vart grave i tufta, viser greitt skiljet mellom veggvollane (bygde av stein og jord) og sjølv det indre arealet av konstruksjonen. Men samstundes er det eit særtrekk ved tufta at det synest å vere ei steinsamling innanfor veggvollane, lokalisert i den austlege delen (jf. 5.3 og fig.5). Det er noko uklart kvifor desse steinane ligg slik. Eit alternativ kan vere at dei opprinnleg stammar frå ein del av veggvollen som har rasa ned eller vorte riven. Ei anna mogleg forklaring er at steinsamlinga er ei gravrøys. Denne røysa er i så fall konstruert etter at tufta var gått ut av bruk som bygning. Ei slik lokalisering av ei grav indikerer eit ønske om å markere den døde si tilknytning til denne bygningen spesielt og / eller nærmiljøet her generelt. Ei tredje alternativ er at steinsamlinga er restar av ein oppbygd eldstad inne i bygningen: ”Ildstedene blir også trukket fram, disse er gjennomgående ulike i de eldre og yngre tuftene. I de eldre husene er den såkalte ”åregruen” vanligst, vanligvis finnes et eller et par større sentralildsteder i tillegg til mindre ildsteder. **I de yngre hustuftene finnes ofte en oppbygget røys, 30-40 cm høy, i stedet for åregruen**” (Ingebretsen 1997, s. 8; om Jan Petersen (1933) si forskning på tufter frå Rogaland. Mi utheving).

8.4 Tuft II

Denne tufta ligg i den vestlege delen av undersøkingsområdet, i nærleiken av tuft III og eit nyare tids steingjerde (jf. fig.2 og 7). Tuft II er synleg på markoverflata, det som truleg er veggvollar i ein rektangulær bygningskonstruksjon hevar seg noko opp over terrenget rundt. I kvart av hjørna i den vestlege kortveggen stikk ein større stein delvis ut av grastorva. Tufta ligg orientert med lengderetninga V/SV – Ø/NØ, og er om lag 9,5 meter lang og 7 meter brei. Det vart grave eit prøvestikk inne i tufta (jf. 5.3 og 6.1). Det er likevel slik at ut i frå den informasjonen ein har no, er det sannsynleg at konstruksjonen er frå førreformatorisk tid.

8.5 Tuft III

Denne tufta ligg i den vestlege delen av undersøkingsområdet, i nærleiken av tuft II, røys I og gardfaret (jf. fig.2 og 7). Delar av tufta er synleg på markoverflata, men ho er ikkje så tydeleg som tuft II. Det verkar som ein har teke i bruk nokre jordfaste steinar på staden då ein førte opp bygningskonstruksjonen, særleg gjeld dette truleg vegg i vest. Tuft III synest å ha ei rektangulær form, om lag 11 meter lang og 7,5 – 8 meter brei. Ho ligg med lengderetninga N-S. Det blei ikkje grave verken sjakter eller prøvestikk i samband med undersøkinga av tuft III. Det er ikkje noko ved storleik, form eller konstruksjonsmåte som tyder på at tufta er etterreformatorisk.

8.6 Tuft IV

Denne kvadratiske tufta med restar av kraftige steinmurar ligg i den austlege delen av undersøkingsområdet, rett sør om den moglege røysa røys II (jf. fig.2 og 4). Denne tufta er tolka til å vere etterreformatorisk i rapporten frå den kulturhistoriske registreringa utført av Rogaland fylkeskommune i 2003 (jf. Syvertsen 2003), og dette er ei vurdering som blir oppretthalden her. Det vart ikkje prioritert å undersøkje tuft IV nærmare under forundersøkinga.

8.7 Røys I

Denne røysa er lokalisert i den vestlege delen av undersøkingsområdet, nord om tuft II og III og like innanfor gardfaret (jf. fig.2 og 6). Det vart grave ei sjakt for å undersøkje anlegget nærmare (jf. 5.3 og 6.1), og den informasjonen ein fekk ut av dette, tyder på at det dreier seg om ei førhistorisk røys, moglegvis ei gravrøys. Det vart avdekka ei samling av tettstilte steinar, det var i sjakta ei tydeleg helling frå det sannsynlege midtpunktet av anlegget til steinane tok slutt og undergrunnen vart synleg om lag 3,5 meter lenger vest. Truleg er røysa sirkulær i forma, med ein diameter på 7-8 meter.

8.8 Røys II

Denne moglege røysa ligg i den austlege delen av undersøkingsområdet, nord om tuft IV og vest om røys III (jf. fig.2 og 4). Heile objektet er ca 24 meter langt og 4 – 6 meter breitt, lengderetninga ligg NV-SØ. Den informasjonen ein fekk av å grave ei sjakt i objektet, gjev ikkje noko klart svar på kva slag type anlegg det dreier seg om. I rapporten frå den kulturhistoriske registreringa utført av Rogaland fylkeskommune i

2003 (jf. Syvertsen 2003), opnar ein for at det kan vere ein del av ei stor tuft. I løpet av forundersøkinga har ein kome fram til at dette nok ikkje er den mest trulege tolkinga. Det finst to alternativ som verkar meir sannsynleg: anten er det snakk om ei gravrøys (langrøys) eller så har den steinfylte vollen her vore del av eit gardfar. Det kan også tenkjast at det i røynda er ein kombinasjon av dei to alternativa. På fig.4 er det mogleg å skimte at objektet verkar noko flatare nord om det tversgåande trakk. Det er uklart om dette trakk indikerer eit skilje, slik at det kan vere snakk om ei røys sør om det og ein del av eit gardfar nord om det.

8.9 Røys III

Dette er eit objekt som ligg nokre meter aust om røys II. Utforminga og det klare innhaldet av stein indikerer at det her dreier seg om ei førhistorisk gravrøys. Røysa er teken med ved GPS – innmålinga (jf. fig.2), men utover det er ho ikkje undersøkt nærmare. Ho skil seg frå dei andre røysene i området ved at ho verkar å liggje på utsida av gardfaret. Røysa er 7-8 meter i diameter, dvs av liknande storleik som røys I.

8.10 Røys IV og V

Desse blei oppdaga etter at GPS – innmålinga var utført, og dei er difor ikkje kartfesta. Røys IV er tilnærma sirkulær. Ho er klart mindre enn både røys I og røys III. Det er teke eit bilete som viser røys IV i høve til den stien som går gjennom undersøkingsområdet (bilete nr 37 i fotolista). Om ein ser på luftfotoet på fig.3, ligg røys IV på nordsida av vegen, noko nærmare det store treet i vest enn gardfaret ved tuft I i aust. Røys V er ca 5 meter i diameter og godt markert og synleg.

8.11 Samanfatning

Dette kapitlet har på kortfatta vis gjeve ein del sentrale opplysningar om anlegga innan undersøkingsområdet. Det er registrert fire tufter: ei mogleg (tuft III) og to sikre (tuft I og II) førreformatoriske tufter og ei etterreformatorisk tuft (tuft IV). I tillegg er det påvist fire sikre rundrøysar (røys I, III, IV og V), ei mogleg langrøys (røys II) og eit stort gardfar. Det vart under forundersøkinga gjort inngrep ved graving i fire av desse anlegga (tuft I og II, røys I og II).

9. Naturvitskapleg materiale

Det vart teke ut ei jordprøve frå lag 4 i sjakt B i tuft I. Resultata frå ei tolking av innhaldet i denne prøva er ikkje klare enno.

10. Tolking av lokaliteten i lys av strukturar og funn

Gardfaret har fungert som eit skilje mellom inn- og utmark. Dei førreformatoriske tuftene og tre av rundrøysene ligg på sørsida av - innanfor - dette gardfaret. I tillegg har ein den moglege langrøysa røys II og rundrøysa røys III som synest å vere lokalisert utanfor gardfaret. Det føreligg på det noverande tidspunktet ingen nærmare dateringar av bruksperioden til dei enkelte strukturane. Det er likevel mogleg å hevde at

forundersøkinga indikerer at desse påviste strukturane har utgjort delar av eit gardsanlegg, truleg frå jernalder (500 f. Kr. – 800 e. Kr.), vikingtid (800 e. Kr. – 1050) eller tidleg mellomalder / høgmellomalder (1050 – 1350).

Det var ikkje uvanleg at tufter hadde fleire bruksfasar: det finst fleire døme på at busetnaden på ein stad vart teken opp att etter ein periode med fråflytting (Petersen 1933, s. 21). Det vart ikkje avdekka klare spor etter tverrgåande murar for rominndeling inne i tuftene under forundersøkinga. Dette kan vere eit teikn på at tuftene er eldre enn frå mellomalderen, kanskje er dei frå folkevandringstida (400 – 550 e.Kr.): ”Petersen registrerte bare middelaldertuftene, og ikke de eldre tuftene, som rester etter hus. Tuftene fra middelalder har tydelige veggmurar, og i tillegg er rominndelingen også svært tydelig med murar på tvers av tuftene. Dette er et gjennomgående trekk ved de yngre tuftene. Mens tuftene etter folkevandringstidshusene vanligvis ikke har så markerte veggmurar og heller ikke tverrmurar, er disse ofte godt synlige i tufter med yngre bosetning” (Om tufter frå Rogaland undersøkt av Jan Petersen i perioden 1923-1950; i Ingebretsen 1997, s. 63-64). Sjå også 8.3 for vurderingar knytt til steinsamlinga inne i tuft I, det er mogleg at desse steinane har vore del av ein mellomaldersk ovnskonstruksjon.

Søkesjaktene som vart grave under forundersøkinga, var funnfattige. Det var ikkje uventa, for også tidlegare undersøkingar av liknande hustufter har framskaffa relativt få gjenstandar (Ingebretsen 1997, s. 113). Det ein finn, er for det meste fragment av enkle, daglegdagse gjenstandar som til dømes kleberkarskår, bryner og spinnhjul (Petersen 1933, s. 96ff).

11. Formidling og publikumskontakt

Torsdag 27. juli 2006 fekk ein i undersøkingsområdet besøk av journalist Eldri Espedal Storhaug og fotograf Egil Eriksson frå Stavanger Aftenblad. Utsendingane frå avisa fekk først ein kort presentasjon av området og forundersøkinga. Denne dagen var fleire tilsette ved Arkeologisk museum i Stavanger til stades (jf. 3.3), og av desse vart prosjektleiar Olle Hemdorff og avdelingsleiar Arne Johan Nærøy intervjuva (sjå vedlegg 7: kopi av avisutklipp).

For øvrig kom det ved fleire høve personar frå lokalmiljøet innom undersøkingsområdet for å sjå på utgravinga og spørje om ulike emner knytt til arkeologi og historie.

12. Litteratur

- Aakvik, Jan 1998: Undersøkelsen på Sørbotunet, Sandnes – bosetning tidligere enn antatt. I *Frå haug ok heidni* nr 4, 1998: s. 30-32.
- Ingebretsen, Nina Elisabeth 1997: *Bonde, leilending eller husmann? En studie av bosetningsenheter fra tidlig- og høymiddelalder i Sør – Rogaland.* Hovedfagsoppgave i arkeologi med vekt på Norden, avlagt ved Universitet i Bergen høsten 1997.
- Petersen, Jan 1933: *Gamle gårdsanlegg i Rogaland I.* Instituttet for sammenlignende kulturforskning. Serie B: Skrifter XXIII.

Syvbertsen, Kate I. J. 2003: Rapport fra kulturhistorisk synfaring / registrering på gnr. 45 og 47, Sørbø – Hove, Sandnes kommune.
Rapport for Rogaland fylkeskommune, Regionalutviklingsavdelingen, Kulturseksjonen.

13. Vedlegg

1. Fotoliste
2. Liste over anlegg
3. Funnliste
4. Katalog
5. Liste over vitenskapelige prøver
6. Oversynskart over nærområdet – undersøkingsområdet er skravert
7. Avisutklipp – artikkel i Stavanger Aftenblad fredag 28. juli 2006

Oppdrag: Forundersøking av førreformatorisk gardsanlegg						Flyf.reg.nr./Formn.nr.		
Websak nr: 03/486			Gard: Sørbo			Gnr: 45	Bnr:	Kommune: Sandnes
Film nr.:			S/H <input type="checkbox"/>	Dias <input type="checkbox"/>	Digitalt <input type="checkbox"/>	Fotograf; Even Bjørdal		AmS-ansvarlig: Olle Hemdorff
						Luftfoto; Espen Torp, Birdy		
						Photographs		
AmS arkivnr	Bildnr	Dato	UTM	Kartblad	Retn.mot	Motiv		UDK-nr
65928	1	20.07.06			SØ	Luftfoto: oversyn over området, mot Stokkelandsvatnet		
65929	2	20.07.06			NV	Luftfoto: oversyn over området		
65930	3	20.07.06			NV	Luftfoto: oversyn over området		
65931	4	20.07.06			S	Luftfoto: oversyn over området, mot Stokkelandsvatnet		
65932	5	04.08.06			Vertikalt	Luftfoto: område med gardfar, røys I, tuft II og tuft III		
65933	6	04.08.06			Vertikalt	Luftfoto: område med gardfar, røys II og III, tuft I og IV		
65934	7	04.08.06			Vertikalt	Luftfoto: område med gardfar, røys IV og tuft I		
65935	8	04.08.06			Vertikalt	Luftfoto: område med gardfar og tuft I		
65936	9	02.08.06			Vertikalt	Luftfoto: område med gardfar og tuft I		
65937	10	20.07.06			S-SØ	Luftfoto: område med gardfar og tuft I		
65938	11	17.07.06			N-NV	Tuft I: før utlegging av sjakter		
65939	12	18.07.06			Ø-NØ	Tuft I: sjakt A under utgraving/framrensing		
65940	13	20.07.06			V-SV	Tuft I: sjakt A etter utgraving/framrensing		
65941	14	20.07.06			N	Tuft I: sjakt A etter utgraving/framrensing		
65942	15	20.07.06			N-NV	Tuft I: sjakt B etter utgraving/framrensing		
65943	16	20.07.06			SØ	Tuft I: sjakt B etter utgraving/framrensing		
65944	17	20.07.06			V	Tuft I: malestein; for knusing av t.d. korn, i sjakt B		

Oppdrag: Forundersøking av førreformatorisk gardsanlegg						Flyf.reg.nr./Form.nr.		
Websak nr: 03/486			Gard: Sørbo			Gnr: 45	Bnr:	Kommune: Sandnes
Film nr.:			S/H <input type="checkbox"/>	Dias <input type="checkbox"/>	Digitalt <input type="checkbox"/>	Fotograf; Even Bjørdal Luftfoto; Espen Torp, Birdy Photographs		AmS-ansvarlig: Olle Hemdorff
AmS arkivnr	Bildnr	Dato	UTM	Kartblad	Retn.mot	Motiv		UDK-nr
65945	18	20.07.06			NØ	Tuft I: malestein; for knusing av t.d. korn, i sjakt B		
65946	19	20.07.06			NØ	Tuft I: Anja Magnussen ved sjakt A og B		
65947	20	28.07.06			V	Tuft I: tufta sett frå aust		
65948	21	28.07.06			S-SV	Tuft I: tufta med mogleg tilbygg		
65949	22	04.08.06			Vertikalt	Luftfoto: område med gardfar, tuft II og tuft III		
65950	23	28.07.06			NØ	Tuft II og tuft III: oversyn		
65951	24	28.07.06			NØ	Tuft II		
65952	25	27.07.06			V	Tuft II: profil i prøvestikk		
65953	26	27.07.06			SV	Tuft II: tufta med prøvestikket synleg		
65954	27	28.07.06			V	Tuft III		
65955	28	28.07.06			SV	Tuft III		
65956	29	04.08.06			Vertikalt	Luftfoto: Røys I		
65957	30	24.07.06			Ø	Røys I: sjakt etter utgraving/framrensing		
65958	31	24.07.06			V	Røys I: sjakt etter utgraving/framrensing		
65959	32	28.07.06			Ø	Røys I: oversyn austover med røysa i front		
65960	33	28.07.06			Ø-SØ	Røys II: røysa med sjakt		
65961	34	26.07.06			N-NV	Røys II: sjakt etter utgraving/framrensing		

Oppdrag: Forundersøking av førreformatorisk gardsanlegg						Flyf.reg.nr./Fornm.nr.		
Websak nr: 03/486			Gard: Sørbø			Gnr: 45	Bnr:	Kommune: Sandnes
Film nr.:			S/H <input type="checkbox"/>	Dias <input type="checkbox"/>	Digitalt <input type="checkbox"/>	Fotograf; Even Bjørdal Luftfoto; Espen Torp, Birdy Photographs		AmS-ansvarlig: Olle Hemdorff
AmS arkivnr	Bildnr	Dato	UTM	Kartblad	Retn.mot	Motiv		UDK-nr
65962	35	26.07.06			S-SØ	Røys II: sjakt og utsyn mot Stokkelandsvatnet		
65963	36	28.07.06			V-SV	Røys III		
65964	37	28.07.06			SØ	Røys IV		
65965	38	28.07.06			S	Gardfar: viser ein del av gardfaret i nærleiken av røys I og tuft III i vest		
65966	39	27.07.06			S	Anja Magnussen tek ut jordprøve i sjakt B i tuft I		

2. Liste over anlegg / strukturar

Tufter:

- Tuft I (godt synleg, undersøkt ved søkesjakter)
- Tuft II (relativt godt synleg, undersøkt ved prøvestikk)
- Tuft III (heller lite synleg, ikkje undersøkt nærmare)
- Tuft IV (etterreformatrisk, ikkje undersøkt nærmare)

Røyser:

- Røys I (rundrøys, undersøkt ved søkesjakt)
- Røys II (mogleg langrøys, undersøkt ved søkesjakt)
- Røys III (rundrøys, ikkje undersøkt nærmare)
- Røys IV (rundrøys, ikkje undersøkt nærmare)
- Røys V (rundrøys, ikkje undersøkt nærmare)

Gardfar: Godt synleg, ikkje undersøkt nærmare.

3. Funnliste

Fnr.	Skildring	Funntilhøve	I anlegg	Sjakt	Dato	Sign.
1	Fragment av bryne, med ovalt tverrsnitt. L.: 60mm S 12262 a	Ved graving i søkesjakt: i lag 2, ved veggvollen.	Tuft I	A	19.07.06	Anja Magnussen
2	Kjerne av flint. St.m.: 30mm S 12262 b	Ved graving i søkesjakt: i lag 1, sør i sjakta.	Tuft I	B	19.07.06	Anja Magnussen
3	Flint med retusj, mogleg eldflint. St.m.: 27mm S 12262 c	Ved graving i søkesjakt: i lag 3, NØ i sjakta.	Røys II		25.07.06	Even Björdal
4	Mikroflekkje av flint. L.: 26mm S 12262 d	Ved graving i søkesjakt: ved overgang mellom lag 2 og lag 4, SØ i sjakta.	Røys II		25.07.06	Even Björdal
5	Eit avslag og to bitar av flint S 12262 e	Ved graving i søkesjakt: jf. 6.1.	Tuft I	A	18.07.06	Anja Magnussen

6	Eit avslag av flint S 12262 e	Ved graving i søkesjakt: jf. 6.1.	Tuft I	B	25.07.06	Anja Magnussen
7	Skår av leirkar. St.m.: 19mm.	Ved graving i søkesjakt: frå lag 3, lengst NØ i sjakta.	Røys II		25.07.06	Anja Magnussen

4. Katalog

S12262 Gardsanlegg, Sørbø-Hove, gnr. 45, Sandnes. Søkesjakter i hustuft og røyser.

- a) Fragment av bryne med ovalt tverrsnitt. Lengde: 60mm. (Fnr.1)
- b) Kjerne av flint. St.m.: 30mm. (Fnr. 2)
- c) Flint med retusj, mogleg eldflint. St.m.: 27mm. (Fnr. 3)
- d) Mikroflekke av flint. Lengde: 26mm. (Fnr. 4)
- e) To avslag og to bitar av flint. (Fnr. 5-6)
- f) Eit skår av leirkar. St.m.: 19mm. (Fnr. 7)

Funne i juli 2006 ved Even Bjørdal si forundersøking av gardsanlegg på Sørbø gnr 45, Sandnes kommune. Gardsanlegget består av minst to mindre tufter, eitt gardfar, ei mogleg langrøys, 3 rundrøyser m.m. Det ligg i eit større område i overkant av skråninga nord-nordvest for Stokkelandsvatnet og rett vest for E 39. Funna er kome fram frå søkesjakter i tuft I (S 12262 a-b, e) og søkesjakt i mogleg langrøys – røys II (S 12262 c-d, f). Rapport, planar og foto-og funnliste er i Top. ark.

5. Liste over vitenskaplege prøver

Det er teke ut ei jordprøve frå sjakt B i tuft I, denne er ikkje undersøkt nærmare enno.



6526
(ASE)

6525


Stokkalandsvatnet

18.5







18.5

Stokkaland

Holane




TEGNFORKLARING:
(innmålte data)

-  TUFT
-  GRAVRØYS
-  GARDFAR
-  MODERNE TUFT
-  SØKESJAKT
-  STOR STEIN

KOORDINATSYSTEM: EUREF89
HØYDEGRUNNLAG: NN1954
DATAFIL (innmålte data):

Rev.	Ant.	Dato	Endring	Tegnet av	Saksbehandler	Inst.
				EDI	EDI	
				Stedmannskontroll	Prosjektansvarlig	
				JL	EDI	
				Dato	Prosjekt	
				02.08.06	1758.001	
				Dokument	F:\data\64\1758_001	
				Målestokk	1:1	
				Tegnr.	901	Rev.



ingeniørservice AS
Gambles Peruvei 6, 4038 Stavanger
Tlf: 5180770 / Fax: 5180778
Internett: www.ingeniørservice.no

Figur 2: Kart som viser undersøkningsområdet med dei GPS - innmåla anlegga. Utforma av Elin D. Idland ved Ingeniørservice A/S. Nemningar på anlegga og plasseringa av røys IV og V er påført av arkeolog Even Bjørdal.



GRAVRØYS? Gravrøys eller rydningsrøys. Elin Dalen Idland fra Ingeniørservice, arkeolog Arne Johan Nærøy og utgraver Eeven Bjørndal studerer på det.

På sporet av en vikinggård

I 1000 år har gården fra 1000-tallet ligget øde på Sørbø i Sandnes. Nå planlegges boliger i området, og arkeologene har det travelt med å tidfeste forminnene.

Eldri Espedal Storhaug | tekst
Egil Eriksson | foto
Kjell Arvid Berge | grafikk

URØRT: Arkeolog Olle Hemdorff viser med iver fram gårdsanlegget på Sørbø i Sandnes. Hustuftene ligger opp i dagen, urørt av moderne landbruksmaskiner. Her er det tydelige rester av steinvegget. Sommerens utgravere har funnet en stein brukt til kornmaling og deler av et bryne.

Olle Hemdorff regner med at gårdsanlegget stammer fra rundt 1000-tallet, pluss minus noen hundre år. Selv har han mest tro på at det er en gård fra vikingtiden, men den kan også stamme fra tidlig middelalder. Stolpehull vil kunne avgjøre det. Foreløpig er det ikke funnet noen. Derimot er det funnet skår av leirkar. Det

tyder på bosetning fra før middelalderen

Lagt øde

Hele gårdsanlegget er rammet inn av et steingjerde som skiller innmark fra utmark. Et sted er det åpning i steingjerdet. Her har det sikkert vært et le. Mellom steinene har flatene ventelig vært dyrket opp med korn. En kan se for seg at folket arbeidet med sigd og hjå og at sauer, kyr og gris har gresset rundt på anlegget, akkurat som på 1800-tallet. Tradisjonene var mye de samme helt til en begynte med moderne landbruksmaskiner.

På ett eller annet tidspunkt er gården blitt lagt øde. Senere er området blitt beitetand. Steingjerder og røyser, enten de stammer, skyldes rydning eller graver, har fått ligge i fred.

– Ganske unikt, synes Hemdorff. Avdelingsleder Arne Johan Nærøy lurer på om gården plutselig ble forlatt eller om gårdsfolket rakk å ta med seg tingene sine.

Dispensasjoner

Spor som er eldre enn 1537 er auto-



Kartet viser hvor Arkeologisk Museum i Stavanger har utgravninger i sommerhalvåret.

matisk fredet, men dispensasjoner gis. I et par sommerer foretas det forundersøkelser på Sørbø med tanke på å tidfeste bosetningen før eventuelt boligene slippes til. Landmåler Elin Dalen Idland hjelper til med å kartlegge området ved hjelp av GPS-utstyr.

Arkeologisk Museum vil gi en uttalelse til riksantikvaren som skal si sitt før boliger eventuelt kan bygges.

Her letes det i sommer

Avdelingsleder Arne Johan Nærøy ved Arkeologisk Museum har gitt oss følgende stikkord for de arkeologiske utgravningene i sommer:

TASTARUSTÅ: Husrester og dyrkingsspor fra bronse- og jernalder. Boliger skal bygges. Mai-august.

KLEPP: Bosetningsspor fra jernalderen. Ny RV 44 omkjøringsvei for Klepp sentrum. Avsluttet.

FOSEN, KARMØY: Steinalderboliplas set. Utgravning før T-forbindelsen kommer. Avsluttet.

KVERNEVIK: Ved Hålandsvatnet er det boplass fra eldre steinalder. Ny sykkel og gangsti. I august.

AVALDSNES: Samler alle forhistoriske kulturminner, særlig med tanke på bebyggelsesspor fra jernalderen. Fra medio august-september.

SØRBØ, SANDNES: Forundersøkelse av hustuft i forbindelse med planlagt utbygging av Sørbø og Hove. Ut uken.

ØKSNEVAD: Bosetningsspor og gravanlegg fra jernalder i jordbrukskollens masseuttak. August.

DIRDAL: Kull og kokegrop langs elva mot fjorden. I forbindelse med ny vann- og avløpsledning. August.